Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.
Tilleggsspørsmålnr.
Emne: Gamal engkultur.
Oppskr. av: Andreas Ropeid
(adresse): NEG.

Fylke: Hedmark.
Herad: Trysil.
Bygdelag: Innbygda.
Gard: Buflod,
G.nr. 41 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Karl Buflod, f.1877 på Buflod i Trysil.

SVAR

1. Det som ligg innafor gjerdet, heiter jordet, det som ligg utafor heiter bitslåtter. Eldre ikkje kjendt. Det som vert pløyd og ikkje isådd nokon ting, seier ein er attlagt. Det meste av jordet var tøjordet i utkanten kan det vera noko raskeslått fordi jorda der var noko skrinn. Raskeslåtten var og tø-jordet, for den fikk gjødsel. Grasmark som ikkje får gjødsel kan ikkje verta kalla tø-jordet.

Ikkje noko sers namn på grovare og finare høy.

All slått vert gjord med langljå, så ein kan ikkje skilja utslåttene etter det. Ein skil etter lægje og jordlag i myrer og rønninger eller slåtternninger. Ein slåtterønning ligg ved bekk eller vatn og er rudd for tre og kjerr. Enger (jfr.PR.O. Elgshøien) er det lite av på buflod, men han kjenner dei.

2. Ein rydda ikkje slåtterønninger på ei viss tid av året; det var ettersom ein hadde tid og fekk folk til det. Difor vart det oftast etter slåttene. Kvisten vart samla i våler (dungar) enten på eller ~~xxxxxxx~~ like utanfor rønningen og brend. Oska vart nytta som gjødsel dersom vålene vart brend på rønningen, elles ikkje. Var det rønninga som ein venta mykje gras av, kunne ein rydda bort stubbar óg, men det hende ikkje ofte. Det var ofte grannane som var med på slikt ryddingsarbeid.

På jordet rydda ein bort stein, men ikkje på utslåtter.

11756

Oldefar (Halvor),f.1776, rydda bort tre og reiv opp lyng på jordet og gjødsla med naturgjødsel, men let trestubbane stå. Bestefar, f.1819, hadde sett at dei pløgde i Elverum, difor tok han til å pløya og reiv opp stubbane."Nå øydelegg dei alt som eg har streva og fått til", sa oldefar.

3. Kom det mose i tø-jordet, vart det pløgt og isådd høymø eller kjøpt grasfrø. Det vart aldri sådd oppå svoren, grassvorden.

4. Garden var oftast lagt slik at det ikkje kom vatn på jordet og det var difor ikkje serleg aktuelt med grøfting der. Utslåttene vart grøfta, men det vart ikkje sett så store krav i så måte til dei som til jordet.

Dersom ein kan koma til med det, vert utslåttene gjødsla ved vatning. Frå ein bekk vert det grava ein xxxx kanal i overkanten av utslåtta, oftast ein rønning. Frå denne vert det så grove grunne stekkrenner nedover rønningen og små grøfter frå desse att, så vatnet skulle koma godt utover. I bekken vart det sett ein bekk nedanfor kanalen i den eldste tida av jord og stein, seinare av bord eller plank(nåler).

Dammen av første slaget vart oppsett (av siste slaget) xxxxxxx stengd) frå tidleg om våren at ein fekk mest mogleg av flaumvatnet til å renna inn i kanalen og utover rønningen. Vatnet måtte renna så sakte utover at barnåler, jord og skogrusk vart liggjande att. Det ver dette som var gjødsla. Rønningen vart ikkje liggjande heilt under vatn; ein kunne såvidt koma turrskadd over.

5. Jordet vart gjødsla med den gjødsla som vart att etter at xxx åkeren hadde fått sitt. Utslåttene vart ikkje gjødsla med annet enn vatning. Det har vore slik så lenge K.B. kjenner til.

K.B. rekner at jordet fekk 1/3 av gjødsla, men det stakk ikkje til heile jordet så ein rekna xxx at dei ymse deler av det fekk gjødsel annakvart av.

Sauemøka som dei rekna var sterkast, var det så mykje ugras i, ho vart difor ikkje nytta i åker. dei ville helst ha henne på myrjord eller xxxxxxx der det var litt xxxxxxxx våtlendt. Enga fekk óg helst den gjødsla som var blanda litegrand, t.d. med gamal maurtue som vart brukt til underburd (ōnnbōn). Hestemøkk vart aldri nytta til eng. Hugsar ikkje noko mål for kor sterkt dei gjødsla.

6. Tø-jordet, tø-voll, tø$^{\emptyset}$ (tøet). Ikkje serskilt namn på høyet.

11756

7. Det har delvis vore så at husa vart plasert slik at siget (trekken) gjekk nedover jordet, men han har og sett husa liggja slik at trekken gjekk i bekken.

Kjenner ikkje noko serleg namn på det stykket som fekk trekken, men ein sa at stykket som xxxxxxxxxxx hadde fått mykje gjødsel gjennom lengre tid, at dei var "i god hevd". Motsatt av "god hevd" er skrint, som óg

tyde skarp jord.

Trekken vart brukt om siget, både staden og væta.

Ein grov små grøfter for at trekken skulle koma betre utover.

Åkrane vart vanleg lagt slik at det vart trekk på dei.

8. Gjødsla vart kjørt ut om våren, men gjødsel som kom i vinterfjøset etter den tid, vart ikkje så sjeldan kjørt ut om hausten. På Buflod bufører dei med det same dei har slept, dei har difor ikkje sommarfjøs heime og får difor ikkje sommargjødsel der. Men det har vori sommarfjøs der før K.B.'s tid; det er ennå ein haug som heiter "Sommarfjøshøgen". Det må ha lege i skigarden slik:




Gjødsla vart kjørt ut med slae, lesste med ruku (trespade med skoning). Gjødsla vart lagd i Høger på snøen og gravbreidd så snart det vart berrt med ruku. finbreiinga vart gjort med møkkesló og hest. Greipet kom ca.19oo, vert kjøpt. Møkkharv kom til bygda for over 30 år sidan, men møkkeslo er ennå i bruk på mange sætrar og kan hende på nokre få gardar og. Nå vart gjødsla kjørt ut på vogn eller med slep. Det siste er mest vanleg på sætra.

9. På Buflod har dei så lenge K.B. minnest, buført med same dei slepte og har difor ikkje beitt jordet eller utslåtte om våren. Før hans tid var det vanleg å ta buskapen ned fråsætra medan dei slo jordet, den var då heime 14 dagar - 3viker. Grunnen er han ikkje viss på. Det har vorte gjort fordi sæterfolket skulle væra med å slå, men det kan og vera gjort fordi dei då hadde mykje folk i huset og trong meir mat enn elles. Når sætra låg omlag 2 mil unnan og sætervegen art dårleg, vart det då formålstenleg å ta buskapen ned. Rimeligvis var det på denne tida sommerfjøset vart brukt.

Han kjenner og til at det på stader der sæterbeitet vart dårleg utpå hausten, var vanleg å ta buskapen heim då ein 14 dagars tid og lata han beita utslåtten. På jordet kunne han ikkje koma, for åkeren var ikkje hausta ennå. Dei flutte så til sætra att 2-3viker; i denne tida var det ungdomen som stydde der. Dei har ikkje gjort slik på Buflod i K.B.'s tid, m.a. fordi vegen

11756

var for lang. Der var dei på sætra til sist i september, og etter heimferda, gjekk krøttera fritt. Når ein såleis om hausten beitte båe jordet og dei næraste utslåttene, var det ikkje med tanke på gjødsla. Det var heller ikkje noko jordstykke som ikkje var beitt.

10. Dette systemet gjeld ennå på Buflod.

11. Så snart det vart berrt om våren, vart rukene på jordet raka utover med ei møkkerive. Om riva, sjå Torgal Østby. Dette vart ikkje gjort på utslåttene.

12. Den tida kjyrne beitte fritt om hausten, var dei i vinterfjøset om hausten. Etter det K.B. veit, er det ikkje noko sommarfjøs i bygda nå.

13 - 18. Ukjent.

19. Kve er her i Trysil eit oppdyrka og inngjerdt stykke jord utanfor skigarden. Dei andre orda er ikkje mykje nytta i Trysil.

20. Slåttemarka på sætra var inngjerd og vart kalla sætervollen. Det er gamalt i bygda, men nå vert det færre og færre sætrar. Dei gardane som har sætrar, held oppe sætervollen som før. På Buflod-sætra (Tjønnåsen) er sætervollen 56 mål. Dei siste 40-50 åra har dei pløgd der, visse deler om gangen. Dei sår i grønfór og legg att i det, det er såleis berre eit år. Same stykket vert pløgd k vart 4. eller 5. år. Gjødsla vert kjørt utover om våren, framgangsmåten er som ved gjødselkjøring på jordet, men det stykket som har vore oppe, vert ikkje gjødsla første året etter. 21.

21. Slåtterønningane vart og vert som nemnt gjødla med oske etter vålene av og til. Elles ikkje anna gjødsel enn naturgjødsel.

11756

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

# Nr. 12. Gamal engkultur

Bonde Karl Bûflod, f. 1877 på Bûflod i Trysil

Fylke: Hedmark
Herad: Trysil
Bygdelag: Innbygda
Gard: Bûflod, g.nr. 41, br.nr. 1.

1. Det som ligg innanfor ~~jordet~~ gjerdet, heiter ~~slått~~ jordet, det som ligg utanfor heiter utslåtte. Elles ikkje kjendt. Det som vert pløygd og ikkje isått nokon ting, seier ein e attlagt. Det meste av jordet var tøjorde, i utkanten kan det vera noko raskeslått fordi jorda der var noko skrinn. Raskeslåtten var og tøjordet, for den fekk gjødsel. ~~Gras~~ Grasmark som ikkje får gjødsel, kan ikkje verta kalla tøjorde.

Ikkje noko sers namn på grovare og finare høy.

All slått vert gjord med langljå, så ein kan ikkje skilja utslåtten etter det. Ein skil etter logie og jordlag i myrer og og rønninger eller slåtterønninger. Ein slåtterønning ligg ved bekk eller vatn og er rudd for tre og kjørr. Teiger (jfr. Per O. Elgshøien) er det lite av på Buflod, men han kjenner dei.

2. Ein rydda ikkje slåtterønninger på ei viss tid av året; det var ettersom ein hadde tid og fekk folk til det. Difor vart det oftast etter slåtten. Kvisten vart samla i våle (dunger) enten på eller utanfor rønningen og brend. Oska vart nytta som gjødsel dersom våleme vart brend på rønningen, elles ikkje.

Ikke utanfor

11756

Remnenr. 12.





Gamal engkultur

Var det rönningar som ein venta mykje gras av, kunne ein rydda bort stubbar ò, men det hende ikkje ofte. Det var ofte granrace som var med på slikt ryddingsarbeid.

På jordet rydda ein bort stein, men ikkje på utslåtte.

Oldefar (Halvor), f. 1776 rydda bort tre og reiv opp lyng på jordet og gjödsla med naturgjödsel, men let trestubbane stå. Bestefar, f. 1819, hadde sett at dei plögde i Elverum, difor tok han til å plögja og reiv opp stubbane. „Nå öydelegg du alt som eg har strevd og fått til", sa oldefar.

3. ~~Mose~~ Kom det mose i ~~jor~~ tö-jordet, vart det plögd og isådd höymo eller kjöpt grasfrö. Det vart aldri såda oppå svören, grassvörde.

4. Garden var oftast lagt slik at det ikkje kom vatn på jordet og det var difor ikkje serleg aktuelt med gröfting der. Utslåttene vart gröfta, men det vart ikkje sett så store krav i så måte til dei som til jordet.

Dersom ein kan koma til med det, vart utslåttene gjödsla ved vatning. Frå ein bekk vart det grave ein kanal i overkanten av utslåtta, oftast ein rönning. Frå denne vart det så grave grunne stikkrenner nedover rönningen og små grefter frå desse att så vatnet skulle koma godt utover.

11756

Emnenr. 12. NORSK ETNOLOGISK GRANSKING (3)

Gamal engkultur

I lekken vort det sett ein dam nedanfor kanalen, i den eldste tida av jord og stein, seinare av bord eller planke (nåler).

Dammen av fyrste sloget vort oppsett (av siste sloget stengd) så tidleg om våren at ein fekk mest mogleg av flaumvatnet til å renna inn i kanalen og utover rønningen. Vatnet måtte renna så sakte utover at barnåler, jord og skogrusk vort liggjande att. Det var dette som var gjødsla. Rønningen vort ikkje liggjande heilt under vatn; ein kunne såvidt koma turrskodd over.

5. Jordet vart gjødsla med den gjødsla som vart att etter at åkeren hadde fått sitt. Utslåttene vart ikkje gjødsla med anna enn vatning. Det har vore slik så lenge K.B. kjenner til.

K.B. reknar at jordet fekk 1/3 av gjødsla, men det strakk ikkje til heile jordet så ein rekna at dei ymse dele av det fekk gjødsel annakvart år.

Sauemøka, som dei rekna var sterkast, var det så mykje ugras i; ho vort difor ikkje nytta i åker. Dei ville helst ha henne på myrjord eller der det var litt våtlendt. Enga fekk og helst den gjødsla som var blanda litegrand, t.d. med gamal maurtue som vort brukt til underburd (önnbön). Hestmøkk vort aldri nytta til eng.

11756

Emnenr. 12 NORSK ETNOLOGISK GRANSKING (4)

Gamal engkultur

Husgar ikkje noko mål for kor sterkt dei gjødsla.

6. To-jordet, to tó-voll, tó° (tóet) Ikkje sørskilt namn på høyet.

7. Det har delvis vore så at husa vart plasert slik at siget ~~gjekk~~ (trekken) gjekk nedover jordet, men han har og sett husa liggja slik at trekken gjekk i bekken.

Kjenner ikkje noko serleg namn på det stykket som fekk trekken, men ein sa at stykke som hadde fått mykje gjødsel gjennom lengere tid, at dei var „i god hevd". Motsett av „god hevd" er skrint, som og kan tyde skarp jord.

trekken vart brukt om siget, leide staden og vata.

Ein grov sumå grefter for at trekken skulle koma betre utover.

Åkrane vart vanleg lagt slik at det vart trekk på dei.

8. Gjødsla vart kjørt ut om våren, men gjødsel som kom i vinterfjøset etter den tid, vart ikkje så sjeldan kjørt ut om hausten. På Bufloid bufører dei med det same dei har slept, dei har difor ikkje sommarfjøs heime og får difor ikkje sommargjødsle der. Men det har vor sommarfjøs der før K.B.'s tid; det er minå ein haug som heite „Sommarfjøshögen". Det må ha lege i skigarden slik

Jordit 

Gjødsla vart kjørt ut med slae, lesste med

11756

Gamal engkultur.

rūkū (trespade med skoning). Gjødsla vart lagd i hōgar på snøen og grovbreidd så snart det vart berrt med rūkū. Finbreiinga vart gjort med møkkeslo' og hest. Greipet kom ca. 1900, vart kjøpt. Møkkeharv' kom til bygda for over 30 år sidan, men møkkeslo i ennå i bruk på mange sæter og kavlende på nokre få gardar og. Nå vert gjødsla kjørt ut på vogn eller med slepe. Det siste i mest vanleg på sætra.

9\. På Buflod har dei så lenge K.B. minnest, beitt med same dei slepte og har difor ikkje beitt jordet eller utslåtter om våren. Før hans tid var det vanleg å ta buskapen ned på sætra medan dei slo jordet, den var då heime 14 dagar – 3 veker. Grunnen i han ikkje viss på. Det kan ha vore gjort fordi sæterfolket skulle vera med ~~og~~ og slå, men det kan og vera gjort fordi dei då hadde mykje folk i huset og trong meir mat enn elles. Når sætra låg omlag 2 mil unnan og sætervegen vart dårleg, vart det då formålstenleg å ta buskapen ned. ┌

?

┌ Rimelegvis var det på denne tida sommarfjøset vart brukt.

Han kjenner og til at det på stader der sæterbeitet vart dårleg utpå hausten, var vanleg å ta buskapen heim då ein 14 dagars tid og lata han beita utslåttene. På jordet kunne han ikkje koma, for åkeren var ikkje hausta ennå. ~~[illegible]~~ Dei flutte så til sætra att 2-3 veker; i denne tida var det ungdomen som styrde der. Dei har ikkje gjort slik på Buflod i K.B.'s tid m.a. fordi vegen

11756

Emnenr. 12. NORSK ETNOLOGISK GRANSKING (6)

Gamal engkultur

var for lang. Dei var dei på sætra til sist i september, og etter heimferda gjekk krøtera fritt. Når ein såleis om hausten beitte både jordet og dei næraste utslåttene, var det ikkje med tanke på gjødsla. Det var heller ikkje noko jordstykke som ikkje vart beitt.

10. Dette systemet gjeld ennå på Buflad.

11. Så snart det vart bert om våren vart rukene på jordet raka utover med ei måkkerive. Om riva, sjå Torgal Østby. Dette vart ikkje gjort på utslåttene

12. Den tida kyrne beitte fritt om hausten, var dei i vinterfjøset om hausten. Etter det K.B. veit, er det ikkje noko sommarfjøs i bygda no.

13-18 Ukjent.

19. Kve er hor i Trysil eit oppdyrka og inngjerdt stykke jord utanfor skigarden. Dei andre orda er ~~beitt er~~ ikkje nytta i Trysil.

20. Slåttemarka på sætra var inngjerd og ~~kan~~ vart kalla sætervollen. Det er gamalt i bygda, men nå vert det færre og færre sætrar. Dei gardane som sætrar, held oppe sætervollen som før. På Buflad-sætra (Tjönnåsen) er sætervollen 56 mål. Dei siste 40-50 åra har dei pløgd der, visse deler om gangen. Dei sår i grønfor og legg att i det, det er såleis oppe bare eit år. Same stykket vert pløgd ~~[illegible]~~ kvart 4. eller 5. år. Gjødsla vert kjört ut over om våren; framgangsmåten er som ved gjødselkjøring på jordet, men det

11756

Gamal engkultur

stykket som hor vore ~~attlagt~~ oppe, vert ikkje gjødsla fåste året ette.

21. Slåtteronningane vart (og vert) som nemnt gjødsla med oske ette vålene av og til. Elles ikkje anna gjødsel enn naturgjødsel.

Nedskrive av Andreas Ropeid 3/6 1953